



**Møteprotokoll
for
Plan- og kommunalteknisk utval**

Møtedato: 13.06.2018

Møtestad: Osterøy rådhus - heradsstyresalen

Møtetid: kl. 13.00 – kl. 13.50

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Atle Solberg	H	Utvalsleiar
Øyvind Litland	AP	Nestleiar
Ragnar Tyssebotn	FRP	Medlem
Torunn Åsheim	AP	Medlem
Siren Tyssebotn	FRP	Medlem

Forfall meldt frå medlem	Parti	Rolle
Annbjørg Bysheim Herland	KRF	Medlem
Lars Fjeldstad	SP	Medlem

Frammøtte varamedlemmer	Parti	Erstatter medlem
Andrea Hartveit	AP	Vara for R.J.Tyssebotn i sak 065/18
Sigmund Faugstad	FRP	Vara for R.J. Tyssebotn i sak 064 og for Ø. Litland i sak 065/18
Inge Halland	H	Annbjørg Bysheim Herland
Åshild Rød	V	Lars Fjeldstad
Turid Bjørndal Njåstad	SP	Vara for A. Solberg i sakene 067 og 070/18

Følgjande frå administrasjonen møtte: Rådmannen og utvalsekretæren

Sakliste

Saknr	Tittel
060/18	Godkjenning av innkalling og sakliste
061/18	Godkjenning av møtebok
062/18	Referatsaker og meldingar

- 063/18 Delegerte saker
- 064/18 6/1 - Vevletveit - Klage på vedtak om pålegg om stans og tvangsmulkt
- 065/18 Krav om lovlegkontroll av vedtak i Plan- og kommunalteknisk utval 25.04.2018
- 066/18 14/193 - Lonevåg - dispensasjon til oppføring av nytt bygg - krav om lovlegkontroll av vedtak i plan- og kommunalteknisk 25.04.18 saksnr. 046/18
- 067/18 146/102 - Reigstad Søndre - Søknad om dispensasjon for oppføring av mellombels bustadbrakker – ettersend sak
- 068/18 Dispensasjon - 43/4, Rongved - Søknad om deling av grunneigedom
- 069/18 60/1 - Votlo - Søknad om løyve til tiltak - oppføring av lagerbygg/rubbhall
- 070/18 146/102 - Reigstad Søndre - Søknad om dispensasjon - plassering av mur –ettersend sak

Før møtet vart det halde synfaring for utvalet for sakene 067 og 070/18

060/18: Godkjenning av innkalling og sakliste

Rådmannen sitt framlegg:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

13.06.2018 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL

Det var ikkje merknader til innkalling og saksliste.

PL - 060/18 VEDTAK:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

061/18: Godkjenning av møtebok

Rådmannen sitt framlegg:

Møteprotokoll frå 24.05.18 vert godkjend.

13.06.2018 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL

Det var ikkje merknader til utsend møteprotokoll frå 24.05.18.

PL - 061/18 VEDTAK:

Møteprotokoll frå 24.05.18 vert godkjend.

062/18: Referatsaker og meldingar

Rådmannen sitt framlegg:

"Referatsakene vert tekne til vitande."

13.06.2018 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL

AVRØYSTING

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

PL - 062/18 VEDTAK:

"Referatsakene vert tekne til vitande."

063/18: Delegerete saker

Rådmannen sitt framlegg:

Melding om delegerete vedtak vert teken til vitande.

13.06.2018 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL

Siren Tyssebotn, FRP, gjorde slikt framlegg: "Sak 123/18 vert å leggja fram til neste utvalsmøte." Framlegget vart ikkje røysta over.

Utvalsleiar viste til at utvalet vil få ei eventuell klage til handsaming.

Torunn Åsheim, AP, stilte spørsmål til sak 119/18 der det er gitt dispensasjon til bygging i strandsona og i LNF-område.

Rådmannen kjem tilbake med svar.

AVRØYSTING

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

PL - 063/18 VEDTAK:

"Melding om delegerete vedtak vert teken til vitande."

064/18: 6/1 - Vevletveit - Klage på vedtak om pålegg om stans og tvangsmulkt

Rådmannen sitt framlegg:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Vedtaket i Plan- og kommunalteknisk utval 14.03.2018 vert oppretthalde. Klagen vert oversendt til Fylkesmannen til handsaming og avgjerd jf. plan- og bygningslova § 1-9 og forvaltningslova § 33.

13.06.2018 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL

Vurdering av gildskap

Utvalsleiar viste til tidlegare handsamingar av saka i utvalet og bad om at gildskap for Ragnar J.

Tyssebotn, FRP, som onkel til tiltakshavar, jfr. og utvalet si vurdering i sak 095/17, og Siren Tyssebotn, FRP, som kusine til tiltakshavar, jfr. og utvalet si vurdering i sak 095/17, vart teke opp til vurdering - dei tok ikkje del i møtet ved avgjerd om gildskap - Sigmund Faugstad, FRP og Andrea Hartveit, AP, møtte som vara - 7 medlemmer/varamedlemmer til stades.

Andrea Hartveit, AP, viste til tidlegare handsaming av saka (sak 095/17) der ho vart kjend ugild, og bad om ny vurdering av gildskap for sitt vedkomande som niese til tiltakshavar og av personlege grunnar - ho tok ikkje del i møtet ved avgjerd om gildskap - 6 medlemmer/varamedlemmer til stades.

AVRØYSTING - gildskap

Ragnar J. Tyssebotn, FRP	- kjend ugild med 5 røyster (2H,2AP, 1V) mot 1 røyst (1FRP)
Siren Tyssebotn, FRP	- kjend ugild med 5 røyster (2H,2AP,1V) mot 1 røyst (1FRP)
Andrea Hartveit, AP	- kjend ugild - samrøystes

Sigmund Faugstad, FRP, gjorde slikt framlegg: "Saka vert utsett i påvente av at handsaming av reguleringsplan (vedlagt saka) vert ferdigstilt. Grunngjeving: Når no reguleringsplanen er innlevert, vil det vere fornuftig å vente på at dette arbeidet vert fullført før ein føretar seg noko meir i saka."

AVRØYSTING

Alternativ avrøysting

Rådmannen sitt framlegg	- 5 røyster (2AP,2H,1V)
FRP sitt framlegg	- 1 røyst (1FRP)

PL - 064/18 VEDTAK:

"Vedtaket i Plan- og kommunalteknisk utval 14.03.2018 vert oppretthalde. Klagen vert oversendt til Fylkesmannen til handsaming og avgjerd jf. plan- og bygningslova § 1-9 og forvaltningslova § 33."

065/18: Krav om lovlegkontroll av vedtak i Plan- og kommunalteknisk utval 25.04.2018

Rådmannen sitt framlegg:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

"Vedtak av 25.04.2018 saksnr. 044/18 vert oppretthalde og krav om lovlegkontroll av vedtak i plan- og kommunalteknisk utval 25.04.2018 saksnr. 044/18 vert send til Fylkesmannen i Hordaland for handsaming, jf. kommunelova § 59, nr. 1 og 2.

13.06.2018 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL

Gildskapsvurdering

Utvalsleiar bad om gildskapsvurdering for Øyvind Litland, AP, Torunn Åsheim, AP, Ragnar J. Tyssebotn, FRP og Siren Tyssebotn, FRP, jfr. tidlegare handsaming i sak 044/18 - dei tok ikkje del i møtet ved vurdering av gildskap - Sigmund Faugstad, FRP og Andrea Hartveit, AP, møtte som vara - 5 medlemmer/varamedlemmer til stades.

Det var ikkje merknader til gildskapsvurderingar i sak 044/18.

AVRØYSTING

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke

PL - 065/18 VEDTAK:

"Vedtak av 25.04.2018 saksnr. 044/18 vert oppretthalde og krav om lovlegkontroll av vedtak i plan- og communalteknisk utval 25.04.2018 saksnr. 044/18 vert send til Fylkesmannen i Hordaland for handsaming, jf. kommunelova § 59, nr. 1 og 2."

066/18: 14/193 - Lonevåg - dispensasjon til oppføring av nytt bygg - krav om lovlegkontroll av vedtak i plan- og communalteknisk 25.04.18 saksnr. 046/18

Rådmannen sitt framlegg:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Vedtak av 25.04.2018 saksnr. 046/18 vert oppretthalde og krav om lovlegkontroll av vedtak i plan- og communalteknisk utval 25.04.2018 saksnr. 046/18 vert sendt til Fylkesmannen i Hordaland for handsaming jfr. kommunelova § 59.

13.06.2018 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL

Ragnar J. Tyssebotn, FRP, gjorde slikt framlegg: "Saka vert stoppa fram til fylkesmannen har handsama saka ferdig. All aktivitet på tomta vert stansa."

Atle Solberg, H, gjorde slik framlegg om tillegg til vedtak: "Det vert ikkje gitt utsett iverksetjing."

AVRØYSTING

Alternativ avrøysting

Rådmannen sitt framlegg med slikt tillegg som
foreslått av utvalsleiar - 5 røyster (2H,2AP,1V)

FRP sitt framlegg

- 2 røyster (2FRP)

Ragnar J. Tyssebotn, FRP, fekk gje slik protokolltilførsel: "Når det gjeld lovlegkontrollen, var den levert inn i postkassen på rådhuset 01. mai og er journalført 2. mai. Planutvalet hadde møte 24. mai, og me stiller difor spørsmål med kvifor ikkje denne kontrollen kom med i førre møte.

Det er eit vedtak som er grunnlaget for lovlegkontroll, og denne skal difor ikkje sakshandsamast. Det er utvalet som skal ta stode til om dei vel å ta saka opp til ny handsamingog endre vedtaket, eller om dei skal halde på vedtaket og la fylkesmannen vurdere saka. Rådmannen skal ikkje innstille til saka. Dersom rådmannen i ettertid har vurdert saksframlegget til saka er for mangefullt, kan det i så tilfelle leverast med eit notat eller liknande når papira vert sende ut. Eit slikt notat burde vere mogleg å forfatte slik at saka kom med i førre møte, og det er uheldig at det har gått så lang tid sidan kontrollen vart journalført og såleis kjend for administrasjonen. Minner nok ein gong om at det er kravd utsett iverksetjing av saka, noko som gjer saka tyngre sidan den no er vorte forseinka.

Ein ser det som svært alvorleg at ein lovlegkontroll om eit slikt vedtak, og der det er kravd utsett iverksetjing, ikkje vert teke opp til handsaming trass god tid på å få lagt saka fram. Ein minner om at lovlegkontroll til heradsstyret som vart levert same dagen, er kome med på innkallinga som vart sendt ut 23.05.18, så her har administrasjonen funne nok tid for å få den med. Ein stiller difor spørsmål med bakgrunnen for treneringa av denne lovlegkontrollen."

PL - 066/18 VEDTAK:

"Vedtak av 25.04.2018 saksnr. 046/18 vert oppretthalde og krav om lovlegkontroll av vedtak i plan- og kommunaltekniske utval 25.04.2018 saksnr. 046/18 vert sendt til Fylkesmannen i Hordaland for handsaming jfr. kommunelova § 59. Det vert ikkje gitt utsett iverksetjing."

067/18: 146/102 - Reigstad Søndre - Søknad om dispensasjon for oppføring av mellombels bustadbrakker

Rådmannen sitt framlegg:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

"Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå føresegna i områdeplan Valestrand punkt 2.2 og 2.3, jf. plan- og bygningslova §§ 12-4 og 12-7, nr. 1, til oppføring av mellombels bustadbrakke med 6 integreringsbustader på gnr. 146, bnr. 102.

Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå forskrift om tekniske krav til byggverk § 12-2, 3. ledd ved oppføring av mellombels bustadbrakke med 6 integreringsbustader på gnr. 146, bnr. 102.

Grunngjaving: Ein finn etter ei samla vurdering at fordelane med å gje dispensasjon i dette høvet er klart større enn ulempene, og ein sluttar seg difor til rådmannen sine vurderingar og tilråding i saka. "

24.05.2018 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL

Ragnar J. Tyssebotn, FRP, gjorde slikt framlegg: "Saka vert utsett for synfaring." Framlegget vart trekt før avrøysting.

Atle Solberg, H, gjorde slikt framlegg: "Saka vert utsett for synfaring. Ber og om at det vert utdjupa kva som er meint med "mellombels bustadbrakke". Kva tidshorisont er det snakk om."

AVRØYSTING

UtsetjingsframleggET vart samrøystes vedteke.

PL - 054/18 VEDTAK:

"**Saka vert utsett for synfaring.**
Ber og om at det vert utdjupa kva som er meint med "mellombels bustadbrakke". Kva tidshorisont er det snakk om."

13.06.2018 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL

Det vart halde synfaring for utvalet før møtet.

Atle Solberg, H, bad om vurdering av gildskap for sitt vedkomande då fa. Byggmester Solberg AS, som sonen eig, har inngått kontrakt på oppsetjing av bustadbrakkene - han tok ikkje del i møtet ved avgjerd om gildskap - Turid B. Njåstad, SP, møtte som vara - 7 medlemmer/varamedlemmer til stades.

Nestleiar Øyvind Litland, AP, overtok som møteleiar.

AVRØYSTING - gildskap

Atle Solberg, H, vart samrøystes kjend ugild.

Vedtaket vart gjort i medhald av fvl. § 6, 2. ledd *Likeså er han ugild når andre særegne forhold foreligger som er egnet til å svekke tilliten til hans upartiskhet; blant skal legges vekt på om avgjørelsen i saken kan innebære særlig fordel, tap eller ulempe for ham selv eller noen han har nær personlig tilknytning til.*

Ragnar J. Tyssebotn, FRP, gjorde slikt framlegg: "Det vert ikkje gjeve dispensasjon og byggeløyve i saka. Grunngjeving: Ein finn etter ei samla vurdering at ulempene med å gje dispensasjon i dette høvet er klart større enn fordelane, og ein går difor imot rådmannen sine vurderingar og tilråding i saka."

Rådmannen bad om at ordet "mellombels" i første og andre avsnitt vert teke ut av vedtaket.

AVRØYSTING

Alternativ avrøysting

Rådmannen sitt framlegg med slik endring som

foreslått i møtet - 5 røyster (2AP,2H,1V)

FRP sitt framlegg - 2 røyster (2FRP)

PL - 067/18 VEDTAK:

"Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå føresegna i områdeplan Valestrand punkt 2.2 og 2.3, jf. plan- og bygningslova §§ 12-4 og 12-7, nr. 1, til oppføring av bustadbrakke med 6 integreringsbustader på gnr. 146, bnr. 102.

Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå forskrift om tekniske krav til byggverk § 12-2, 3. ledd ved oppføring av bustadbrakke med 6 integreringsbustader på gnr. 146, bnr. 102.

Grunngjaving: Ein finn etter ei samla vurdering at fordelane med å gje dispensasjon i dette høvet er klart større enn ulempene, og ein sluttar seg difor til rådmannen sine vurderingar og tilråding i saka. "

Sak 070/18 vart handsama rett etter sak 067/18 og før sak 068/18, då begge sakene gjeld dispensasjonar i samband med oppføring av bustadbrakker på gnr. 146/102.

070/18: 146/102 - Reigstad Søndre - Søknad om dispensasjon - plassering av mur

Rådmannen sitt framlegg:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

"Kommunen gjev dispensasjon frå gjeldande sone for # anlegg og rigg til oppføring av mur på den delen av arealet som ligg innafor byggegrensa på gnr. 146 bnr. 102 Reigstad, jf. plan- og bygningslova § 19-2, jf. områdeplan Valestrand planid 2011003 reguleringsføresegn punkt 8.2 og plankart.

Grunngjaving:

Omsyna bak regelen det er søkt om dispensasjon i frå og omsyna i føremålsreglane i lova vert ikkje vesentleg tilsidesett.

Etter ei samla vurdering er fordelan med å gje dispensasjon klårt større enn ulempene.

Sjå i tillegg rådmannen si vurdering.

Kommunen gjev ikkje dispensasjon frå gjeldande byggegrense mot regulert veg i områdeplan Valestrand planid 2011003 til plassering av mur utafor byggegrense på gnr. 146, bnr. 102, Reigstad, jf. plan- og bygningslova § 19-2.

Grunngjaving:

Omsyna bak regelen det er søkt om dispensasjon i frå og omsyna i føremålsreglane i lova vert

vesentleg til sidesett.

Etter ei samla vurdering er ulempene med å gje dispensasjon større enn fordelen.

Sjå i tillegg rådmannen si vurdering."

13.06.2018 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL

Atle Solberg, H, tok ikke del i møtet ved handsaminga av denne saka, jfr. vurdering av gildskap i sak 067/18 - Turid B. Njåstad, SP, møtte som vara - 7 medlemmer/varamedlemmer til stades.

Nestleiar Øyvind Litland, AP, overtok som møteleiar.

Ragnar J. Tyssebotn, FRP, gjorde slikt framlegg: "Det vert ikkje gjeve dispensasjon for oppføring av mur som omsøkt. Grunngjeving: Ein finn etter ei samla vurdering at ulempene med å gje dispensasjon i dette høvet er klart større enn fordelane, og ein går difor imot rådmannen sine vurderingar og tilråding i saka."

AVRØYTING

Alternativ avrøyting

Rådmannen sitt framlegg - 5 røyster (2AP,1H,1V,1SP)

FRP sitt framlegg - 2 røyster (2FRP)

PL - 070/18 VEDTAK:

"Kommunen gjev dispensasjon frå gjeldande sone for # anlegg og rigg til oppføring av mur på den delen av arealet som ligg innafor byggegrensa på gnr. 146 bnr. 102 Reigstad, jf. plan- og bygningslova § 19-2, jf. områdeplan Valestrand planid 2011003 reguleringsføresegn punkt 8.2 og plankart.

Grunngjeving:

Omsyna bak regelen det er søkt om dispensasjon i frå og omsyna i føremålsreglane i lova vert ikkje vesentleg til sidesett.

Etter ei samla vurdering er fordelen med å gje dispensasjon klårt større enn ulempene.

Sjå i tillegg rådmannen si vurdering.

Kommunen gjev ikkje dispensasjon frå gjeldande byggegrense mot regulert veg i områdeplan Valestrand planid 2011003 til plassering av mur utafor byggegrense på gnr. 146, bnr. 102, Reigstad, jf. plan- og bygningslova § 19-2.

Grunngjeving:

Omsyna bak regelen det er søkt om dispensasjon i frå og omsyna i føremålsreglane i lova vert vesentleg tilsladesett.

Etter ei samla vurdering er ulempene med å gje dispensasjon større enn fordelen.

Sjå i tillegg rådmannen si vurdering."

Etter sak 070/18 vart sakene handsama i etter rekkefølge på sakslista.

068/18: Dispensasjon - 43/4, Rongved - Søknad om deling av grunneigedom

Rådmannen sitt framlegg:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunen gjev dispensasjon frå plan- og bygningslova §§ 11-6 og 11-7 / §§ 12-4 og 12-5 / 12-6 / 12-7 til oppføring av våningshus med om lag 0,970 daa på gnr. 43 bnr. 1, jf. plan- og bygningslova § 19-2.

Grunngjeving:

Omsyna bak regelen det er søkt om dispensasjon i frå og omsyna i føremålsreglane i lova vert ikkje vesentleg tilsladesett.

Etter ei samla vurdering er fordelen med å gje dispensasjon klårt større enn ulempene.

Sjå i tillegg rådmannen si vurdering.

13.06.2018 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVÅL

Det vart gjort merksam på feil i framlegg til vedtak; skal stå "frådeling" og ikkje "oppføring" i første avsnitt i vedtaket.

AVRØYSTING

Rådmannen sitt framlegg med slik korrigering
som foreslått i møtet - samrøystes vedteke

PL - 068/18 VEDTAK:

"Kommunen gjev dispensasjon frå plan- og bygningslova §§ 11-6 og 11-7 / §§ 12-4 og 12-5 / 12-6 / 12-7 til frådeling av våningshus med om lag 0,970 daa på gnr. 43 bnr. 1, jf. plan- og bygningslova §

19-2.

Grunngjeving:

Omsyna bak regelen det er søkt om dispensasjon i frå og omsyna i føremålsreglane i lova vert ikkje vesentleg tilsidesett.

Etter ei samla vurdering er fordelen med å gje dispensasjon klårt større enn ulempene.

Sjå i tillegg rådmannen si vurdering."

069/18: 60/1 - Votlo - Søknad om løyve til tiltak - oppføring av lagerbygg/rubbhall

Rådmannen sitt framlegg:

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

"Tiltaket gjeld oppføring av driftsbygning i landbruket - lagerbygg/rubbhall på gnr. 60, bnr. 1, og er i samsvar med arealdelen i kommuneplanen, jf. plan- og bygningslova § 11-7, nr. 5, bokstav a, jf. kommuneplanføresegn punkt 5.1 (tidlegare punkt 4.1).

Kommunen gjev løyve til oppføring av driftsbygning i landbruket - lagerbygg/rubbhall på gnr. 60 bnr. 1, Votlo, jf. plan- og bygningslova §§ 20-1, 1. ledd, bokstav a, 20-2, 2. ledd, bokstav b og 20-4, 1. ledd, bokstav b på fylgjande vilkår:

- Langs vassdrag skal det oppretthaldast eit avgrensa naturleg vegetasjonsbelte som motverkar avrenning og gjev levestad for plantar og dyr, jf. vassressurslova § 11.
- Plasseringa skal vere i samsvar med situasjonsplan datert 18.12.2017, jf. plan- og bygningslova § 29-4, jf. forskrift om byggesak § 6-3. Toleransegrensa er 0,5 meter, jf. forskrift om byggesak § 6-3, bokstav b.
- Tiltakshavar er ansvarleg for at tiltak vert utført i samsvar med dei krava som fylgjer av reglar gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. plan- og bygningslova § 23-1, 1. ledd.
- Tiltaket skal vere i samsvar med vedtak om dispensasjon frå byggegrensa langs kommunal veg av 28.12.2017, jf. plan- og bygningslova § 21-5, jf. forskrift om byggesak § 6-2, 1. ledd, bokstav d.
- Tiltaket skal vere i samsvar med vedtak om omdisponering etter jordlova i vedtak av 30.04.2018 saknr. 102/18, og alle vilkår som der er stilt skal tilfredsstilla, jf. plan- og bygningslova § 21-5, jf. forskrift om byggesak § 6-2, 1. ledd, bokstav h.

Grunngjevinga går fram av rådmannen si vurdering."

13.06.2018 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL

Øyvind Litland, AP, gjorde slikt framlegg: "Saka vert utsett for synfaring."

AVRØYSTING - utsetjing
Utsetjingsframlegget vart samråystes vedteke

PL - 069/18 VEDTAK:

"Saka vert utsett for synfaring."

Til å skriva under møteprotokollen saman med utvalsleiar vart desse valde: Øyvind Litland og Åshild Rød

Lonevåg, 14.06.18

Bente Skjerping
utvalssekretær

Atle Solberg
utvalsleiar

Øyvind Litland
nestleiar

Åshild Rød